



## Vårhelsing frå Rogaland Sau og Geit, april 2015

Nå er våren her og lamminga har kanskje starta hjå dei fleste. Det blir ei travel tid, men håpar det også vert tid til å gleda seg over nye liv i sauehuset. Notèr hendingar undervegs i lamminga, bli medlem i sauekontrollen og få hjelp av din rådgjevar.

Det har vore ein mild vinter og fordelene med det er at me sannsynlegvis får ein tidleg vår. Graset har alt begynt å gro mange stader. Ulempa er kanskje at flåtten har hatt gode overvintringsmuligheter. Ta omsyn til det når dykk slepp sauene ut på beite.

Årsmøtet til Rogaland Sau og Geit blei halde på Sola Airport Hotell 20. og 21. februar. Alf Torstein Pettersen gjekk ut av styret etter 8 år. Nytt styremedlem er Jon Arvid Vassbø. Han driv med både sau og geit og bur i Ørdsdalen i Bjerkreim kommune. Rogaland har også nokre folk i NSG sentralt. Sigmund Skjæveland er ordfører i representantskapet, Torill Undheim er 3. varamedlem i styret i NSG, Leif Matnisdal er i valgnemnda og Hallvard Veen er direktevalgt geiterepresentant i representantskapet.

I Norsk Sau og Geit var lagslovane oppe til revidering. RSG vil arbeida for at Landsmøtet skal vere kvart år, i staden for annakvart år som nå, men vedtak om det vart utsett. RSG kjempa også for at Landsmøtet fortsatt skal bli halde innan 15. mars, og det vart vedtatt. Landbruksminister Sylvi Listhaug heldt eit innlegg der ho blant anna fokuserte på at sauebruka bør verta større og betre. Ho fekk mange gode innspel frå landsmøte og vart oppfordra til også å tenkja på dei små sauebruka.

Ove Myklebust ble æret med den gjevaste prisen til NSG, «GROMSAUEN». Dette er ein pris som går til personar som gjennom eit aktivt liv har utmerka seg på ein særskilt måte. Ove har vore rådgjevar i Nortura, sekretær i RSG og gjer ein god jobb i prosjektet «Ny giv i sauehaldet» i Vest-Agder og Aust-Agder. Ove spreiar optimisme, gjer gode faglege råd, støtte og oppmuntring. Me gratulerer!



Me ynskjer alle lukke til i lamminga og ein strålende vår.

Med helsing  
Styret i Rogaland Sau og Geit